

Lindås kommune
v/byggesaksavdelinga
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Bergen, 04.05.2018

Følgebrev - søknad om dispensasjon for bakkeplanering/massedeponi

Det blir søkt om bakkeplanering/massedeponi på gnr 215/2 i Lindås kommune. Det blei 31.01.2018 sendt inn søknad om bakkeplanering etter «bakkeplaneringsforskrifta»/forureiningslova kapittel 4, .


Omfang og varighet av tiltaket, vil avgjere om det skal behandlast etter forureiningsforskrifta eller plan- og bygningslova. Lindås kommune har i brev 23.03.2018 gjeve tilbakemelding til tiltakshavar om at tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova §§ 20-1, jf 20-3.

Område som skal bakkeplanerast ligg i LNF-område i arealdelen til kommuneplanen.

Så lenge landbruksarealet vert sett ut av funksjon i denne tida, vil tiltaket vere avhengig av dispensasjon frå arealføremålet LNF.

Det er to vilkår som må være oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første så må omsynet som planen skal sikre, ikkje bli vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane vere klart større enn ulempene.

I eit LNF-område så er det omsynet til landbruk, natur- og friluftsliv som skal sikrast. Området som vert søkt bakkeplanert ligg vis a vis næringsområde til Nordhordland næringspark. Dette området er under utbygging, og det er soleis behov for å få fjerne massar frå området.



Området som vert søkt bakkeplanert, er vist på utkast frå gardskart, og merka med svart sirkel. Gardskartet viser også at dette områder er registrert som fulldyrka jord.

Friluftsinteressene vert ikkje påverka negativt av tiltaket. Det er ikkje eit område som er naturleg for ålmenta å ferdast i.

Det neste som må vurderast er om tiltaket vil påverke naturinteressene i vesentlig grad. I artsdatabanken er det ikkje registrert viktige funn i område der bakkeplaneringa skal gå føre seg. Det som er registrert av artar er lite truga fuglar. Lenger unna er det registrert fuglar som er raudlista i større grad, men dei er også eit stykke unna det området som skal bakkeplanerast.

Å skifte ut massar, vil sjølvsgart påverke naturinteressene i noko grad. Ein vil i større grad endre strukturen på naturen, ved at området vert bygd opp. Området skal tilbakeførast etter bakkeplaneringa, og det er ikkje naturinteresser som vert vesentleg skadelidande.

Landbruksinteressene er dei interessene som i størst grad vert påverka av tiltaket. Status på område pr i dag er at det er dyrka mark. Det er opplyst å vere eit myrdyrka slåttemark, som er såpass fuktig at det ikkje er så store moglegheiter for å nytte traktor for å køyre ut på marka. Ved å få skifta ut massar, drenert område og fylt på med nye massar, vil område i større grad enn tidlegare gje gevinst til landbruket. Område vert lettare tilgjengeleg for landbruksdrift og drifta kan bli meir effektiv. I tillegg vil ein, ved å få jamna ut nokre terreneskilnadar, få eit større område som kan nyttast til dyrka jordbruksareal.

Det vert fortløpande vurdert om overflatejorda skal takast av og leggjast på att, etter bakkeplanering. Dette vil verte vurdert i høve om jorda kan nyttast vidare eller ei.

Ein vil nytte steinmassar for å hindre at jordmassar flyt ut.

Tiltaket vil bli gjennomført trinnvis, og truleg vare i 2-3 år. Etter dette vil område vere tilbakeført og område kan nyttast til jordbruksareal.

Vi kan etter dette ikkje sjå at omsynet til landbruk vert negativt påverka av tiltaket.

Vidare må fordelane med tiltaket vere større enn ulempene. Ein klar fordel med tiltaket er at ein får plassert massane i kort avstand frå der dei er teke ut. Dette vil vere ein fordel både med tanke på at det er kort veg å frakte massar, ein vil skape mindre trafikkbelastning på ein allereie trafikkert veg (E39) og mindre forureining. Det er også meir trafikksikkert å ha kort køyreveg.

Sjølv om landbruksarealet vert sett ut av drift for ei tid, så er fordelane større i det lengre løp då landbruksarealet vert betre drenert og ein vil få større landbruksareal. Dette er viktige moment for landbruksdrifta.

Næringsområdet er vedteke i reguleringsplan og er i samsvar med arealpolitikken til Lindås kommune. Ved å legge til rette for bakkeplanering i nærleiken av næringsområde, så vil det lette gjennomføringa av utbygging samtidig som landbruksdrifta vil dra nytte av det.

Fordelane er difor klart større enn ulempene med tiltaket, og det er grunnlag for å gje dispensasjon etter pbl § 19-2.

Ansvarlig søker

Tippetue Arkitekter v/

Anja Winger Bertelsen
Anja Winger Bertelsen

Master i Arkitektur

TIPPETUE
ARKITEKTER AS